

# Ivrigaste foreiningar i Seilmakeren Doublehanded

Av Harald Gjørseter

Etter 18 gjennomførte regattaer i serien er det interessant å ta eit djupdykk i påmeldings- og resultatlistene for å sjå om det teiknar seg nokre tydelege trendar. Og ja, det er ingen tvil om at det peikar seg ut nokre seglforeiningar som er oftare å sjå både mellom alle påmelde og mellom dei tre første som kjem i mål i kvar klasse.

Når det gjeld påmelde, så er Askøy Seilforening i leiinga, og dette er inga bombe; det er jo gjerne slik at arrangørklubben har dei ivrigaste deltakarane i ein regattaserie. Men Bergen Seilforening ligg hakk i hel. Og lista inneheld heile 47 ulike seilforeiningar, og det er ganske imponerande. Heile 18 klubbar har meir enn 10 påmeldingar, sjå lista nedanfor.

Når det gjeld topp-3-plasseringar er Bergen suverent i teten med sine 37, nesten dobbelt så mange som Askøy på andre plass, sjå tabellen på neste side. I alt er det 27 ulike seglforeiningar som har ein eller fleire topp-3-plasseringar. Medan dei fleste kjem frå ulike stader rundt Bergen, er det verdt å merkja seg at Stavanger SF, Seilforeningen av 1928, og Gandsfjorden SF, som alle høyrer heime på Stavangerkanten, tilsaman har 34 topp-3-plasseringar, altså nesten like mange som Bergen SF! Heile 6 seglforeiningar frå austlandsområdet med til saman 17 topp-3-plasseringar er også imponerande.

Seglforening	N
Askøy SF	244
Bergen SF	238
Nordhordland SF	82
Ran SF	76
Åsane SF	72
Stord SF	59
Stavanger SF	56
Seilforeningen 1928	50
Os SF	36
Gandsfjorden SF	32
Hardanger SK	25
Milde BL	21
Karmøy SF	21
KNS	18
Hjellestad SF	17
Bærum SF	15
Fredrikstad SF	14
Florø SF	12



**Askøy**  
Seilforening



**Bergens Seilforening**



**Nordhordland Seilforening**

Topp-3-plasseringar	
Seglforeining	N
1 Bergen SF	37
2 Askøy SF	20
3 Stavanger SF	16
4 Nordhordland SF	15
5 SF 1928	15
6 Ran SF	13
7 Os SF	8
8 Stord SF	8
9 Åsane SF	7
10 Fredrikstad SF	6
11 Bærum SF	4
12 Florø SF	4
13 Hardanger SK	4
14 Bundefjorden SF	3
15 Gandsfjord SF	3
16 Milde BL	3
17 Hjellestad SF	2
18 CSF	1
19 Fredriksstad SF	1
20 Karmøy SF	1
21 Lelystadhaven YC	1
22 Nesodden SF	1
23 Sandefjord SF	1
24 Sjøkrigsskolen SF	1
25 Trondhem SF	1
26 Ålesund SF	1
27 Åsgårdstrand SF	1

 **Bergens Seilforening**



**Askøy**  
Seilforening

**Stavanger**  
**Seilforening** 